

# NYHEITSBREV - juni. 2023

*Før, under og etter pandemien: Kva for lærdom kan brukarar, spesialist- og kommunehelsetenesta ta med seg frå samhandlinga om covid-19?*

Kjære alle i styrings- og referansegruppa for prosjektet!

Her kjem ei ny kort oppdatering om framdrifta i forskingssamarbeidet knytt til covid-19 pandemien. Prosjektet vart som kjend etablert våren 2020, som munna ut i tre ulike delprosjekt. Status for arbeidet i dei tre delprosjekta kan de lese i tabellen under.

Forskargruppa har hatt månadlege møter vinter og vår - 2023. I tillegg vart det nyleg gjennomført ei fysisk dags-samling. Hovud tema har vore arbeid i delprosjekta som også vil inngå som del av ein antologi. Sjå meir informasjon om antologien under.

Neste møte i styrings- og referansegruppa er satt til 1. september.

Meir informasjon og referat frå møte kan de lese [her](#).

## Delprosjekt 1: Samarbeidsstruktur

Prosjekttittel: *Før, under og etter covid-19. Utvikling av samarbeidsstruktur på tvers av kommuner og helseforetak og som fremmer strukturens institusjonelle legitimitet.*

Ansvarleg: Lena Bjørge Waage, spesialrådgivar HMR og Ph. D. stipendiat Høgskulen i Volda.  
Rettleiarar: Roar Amdam professor Høgskulen i Volda (hovudrettleiar), Jon Magnussen professor NTNU Trondheim (bi-rettleiar). I tillegg har Alf Roger Djupvik som er dosent ved Høgskulen i Volda deltatt under datainnsamling.

Artikkel	Tema	Design/metode	Status/framdrift
1	Samarbeidsstruktur før/under pandemien (2012-2021)	Hermeneutisk Dokumentstudie	Artikkel inngår som kapittel i antologi
2	Samarbeidsstruktur før/under pandemien (2012-2021)	Hermeneutisk, fenomenologisk Individuelle intervju	Artikkel er sendt til tidsskrift for vurdering.
3	Samarbeidsstruktur «etter» pandemien (helsefellesskap) (2021-2023)	Hermeneutisk fenomenologisk Individuelle intervju	Planlegging design tent vår/haust 23/, datainnsamling seinhaust - 23, påfølgande analyse og artikkelskriving vinter - 24
4	Medforfattar til kapittel om innovasjon og kapittel om kriseleiing, kompetanse, roller og læring (tent kap 6 og 7 i antologi).	Hermeneutisk, fenomenologisk, basert på dokumentanalyse og individuelle intervju	Utarbeida utkast

## **Delprosjekt 2: Krisesamarbeid**

Prosjekttittel: Kriseplanlegging og krisesamarbeid i møte med Covid-19 pandemien

Ansvarleg: Erlend Vik, førsteamanuensis Høgskolen i Molde. I tillegg deltek førsteamanuensis Tonje Hungnes (Høgskolen i Molde), førsteamanuensis Sølve Mikal Krekvik Nerland (Høgskolen i Molde), og høgskolelektor Ola Krekvik Mowinckel (Høgskolen i Molde). Odd Jarle Veddeng (HMR) og Asle Giske (brukarrepresentant) har tidlegare bidrige i delprosjektet.

Våren 2023 har vi gjennomført ei ny datainnsamling for å undersøke korleis kommunelegens rolle har forandra seg etter pandemien. Det er gjennomført intervju i dei same kommunane som i første datainnsamling, og i hovudsak med dei same aktørane. Høgskole lektor Ola Krekvik Mowinckel er ny i delprosjektet og har bidrige inn i datainnsamlinga.

Artikkel	Tema	Design/metode	Status/framdrift
1. Hungnes, Vik, Veddeng	Kommunelegens rolle under pandemien	Kvalitative dybdeintervju	<a href="#">Publisert</a> i Tidsskriftet for den norske legeforening
2. Larsen, Hungnes, Nerland og Vik	Decision strategies facing Covid 19	Kvalitative dybdeintervju	Funn presentert på NEON konferansen hausten 2022. Skal sendast til tidsskriftet Policy Design and Practice i løpet av 2023
3. Hungnes, Vik, Nerland og Mowinckel	Kommunelegens rolle etter pandemien	Kvalitative dybdeintervju	Funn skal presenterast på Fjordkonferansen i juni 2023. Sendast til Tidsskriftet for den norske legeforening i løpet av 2023
4, 5, 6, 7	Ulike bidrag inn i Antologi, sjå eige punkt		

## **Delprosjekt 3: Brukarmedverknad**

Prosjekttittel: Samhandlende brukermedvirkere på systemnivå før, under og etter pandemien

Ansvarleg: Anne S.A. Larsen rådgjevar/forskar HMR/NTNU, Elise Kvalsund Bårdsgjerde førsteamanuensis NTNU

Anne og Elise vil stå som hovedforfattarar på første artikkel som er under arbeid. Denne har foreløpig arbeidstittel: *Eit brukarutval si rolle i koronapandemien.*

I tillegg deltek Marit Kvangarnses, professor NTNU og Berit Kvalsvik Teige, Ph.D/forskningsrådgjevar HMR i arbeidet med artikkelen.

Artikkel	Tema	Design/metode	Status/framdrift
1	Eit brukarutval si rolle i koronapandemien	Under utforming	Gjennomført individuelle og fokusgruppeintervju. Arbeid med artikkel pågår
2	Brukarmedverking-kvífor, korleis og kvar står vi i dag? Korleis påverka pandemien brukarmedverkinga på systemnivå? Kapittel i antologi		1. versjon klar til revidering
3	Pandemien som innovasjonsdrivar-brukarmedverkings-perspektivet Delkapittel i antologi		1. versjon klar
4	Kriseleiing, kompetanse, roller og læring - brukarmedverkings-perspektivet Delkapittel antologi		1. versjon klar

### **Arbeid med antologi:**

Vi planlegg å levere manuskriptet til Universitetsforlaget før nyttår. Antologien skal publiserast med open tilgang (open access) og består av ti kapittel. Vi har hatt ein verkstad i juni der vi som forfattarar vurderte og drøfta kvart utkast til kapittel, og vi skal ha ein ny verkstad i september. Det er oppretta ei redaktørgruppe som består av Roar, Berit og Sølve, og Berit er kontaktperson overfor forlaget.

Med venleg helsing frå forskargruppa